

Voss kommune

► **Utbygging av Voss ungdomsskule**

Felles samlingsrom / idrettsfløy, tilrettelagde- og generelle læringsareal

Oppdragsnr.: 5194898 Dokumentnr.: 1 Versjon: 1 Dato: 2019-08-20



Utbygging av Voss ungdomsskule

Felles samlingsrom / idrettsfløy, tilrettelagde- og generelle læringsareal
Oppdragsnr.: 5194898 Dokumentnr.: 1 Versjon: 1

Oppdragsgjevar: Voss kommune
Oppdragsgjevares kontaktperson: Kristin H Takvam Rekve
Rådgjevar Norconsult avdeling skole og barnehage,
Oppdragsleiar: Terje Gregersen
Fagansvarleg:
Andre nøkkelpersonar:

1	2019-08-20	Utbygging av Voss ungdomsskule	Terje Gregersen	Endre Ljones	Endre Ljones
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult AS. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

► Innhald

1	Oppgåva	4
2	Dimensjonerande rammer	5
2.1	Elevtal - U540 skule	5
2.2	Elevtalsframskriving SSB (Hovudalternativet – MMMM)	5
3	Vurdering av behov for idretts- og kroppsøvingsareal	6
3.1	Fag og timefordeling i kroppsøvfaget	6
3.1.1	<i>Funksjonsvurdering av Voss idrettshall og gymsalen</i>	6
3.2	Tilrettelagde areal for elevar med særskilte behov	7
3.2.1	<i>Tilrettelagde undervisningsareal – dimensjonert for 15 elevar inkl. personalareal</i>	8
3.3	Undervisningsareal og fellesareal ved Voss ungdomsskule	9
4	Areal- og romprogram	10
4.1	Døme på ein arealnorm for ein skule av tilsvarande storleik U540	10
4.2	Felles samlingsrom i kombinasjon med ny gymsals- og idrettsfløy (tilbygg)	11
4.2.1	<i>Felles samlingsrom / Basketballhall</i>	11
4.3	Generelt læringsareal – to klasserom med støttefunksjonar (tilbygg)	12
4.4	Tilrettelagde undervisningsareal for elevar med særskilte behov	13
4.5	Samla areal- og romprogram	14
5	Investeringsbehov	15
5.1	Økonomiske føresetnader	15
5.1.1	<i>Rive- og saneringskostnadar</i>	15
5.1.2	<i>Nybyggareal og tilbyggsareal (inkl. mva.)</i>	15
5.2	Investeringskostnad inkl. mva	15
6	Oppsummering	16

1 Oppgåva

Voss kommune vurderer utbygging av nytt felles samlingsrom / gymsals- og idrettsfløy, betre tilrettelagde areal for elevar med særskilte behov og auka kapasitet til generelle læringsareal for å dimensjonere skulen for ei normalkapasitet som ein U540 skule med 6 klassar på trinna. Eksisterande gymsalsbygg vert rive og tomta vert nytta til utbyggingsføremål.

Skulen nyttar i dag eigen gymsal, Voss idrettshall og Vossabadet til å gjennomføra kroppsøvingundervisninga. Skulen har og tilgang til friidrettsstadion og kunstgrasbaner attmed skulen. Gymsalen ved skulen er gamal og slitt – og vert opplyst til å vere rive- og saneringsverdig.

Bruken av Voss idrettshall gjev utfordringar i høve tidsbruk, tilsyn og orden. Utforminga av idrettshallen med mange rom og tronge korridorar, kan lett gje uoversiktlege soner når 70-90 elevar skal gjennomføra undervisninga si her. Frå pedagogisk ståstad er det ynskjeleg at nye funksjonar ved Voss ungdomsskule vert integrert og kopla til eksisterande skulebygg – som gjev eit samanhengande og heilskapleg skuleanlegg med oversiktlege areal og soner.

Det er og trong for betre og meir tilrettelagde areal for elevar med særskilte behov og vanskar. Desse elevane treng fysiske læringsareal som er utforma med tanke på universell utforming og bruk av hjelpemiddel og inventar som er plasskrevjande.

Denne rapporten vurderer dei behova som er skissert frå Voss kommune. Det er ikkje utarbeidd ei areal- og funksjonsanalyse for resten av ungdomsskuleareala. Behova er gjeve ei funksjonsskildring med eit eige romprogram. Romprogrammet er kostnadsrekna med estimerte investeringskostnader tufta på erfaringstal frå avdeling for skuleplanlegging og skuleutvikling i Norconsult.

Voss idrettshall og gymsalen ved skulen er synfart i samband med oppdraget. Voss kommune vurderer i neste fase å utarbeide ein moglegheitsstudie som nyttar deler av dette grunnlaget for fase 2.

Arbeidet starta opp i medio juli med synfaring i gymsalen ved skulen og Voss idrettshall. Eit fyrste framlegg til rapport vart oversendt oppdragsgjevar medio august. Arbeidet med vurderingane er utført av planleggjar Terje Gregersen.

Kontaktperson i Voss kommune har vore Kristin Takvam Rekve, leiar for grunnskulen.

Norconsult takkar for oppdraget og voner rapporten vert nytta i vidare planlegging av utbygginga ved Voss ungdomsskule.

2 Dimensjonerande rammer

2.1 Elevtal - U540 skule

I tabellen under er det synt nøkkeltal for dimensjoneringa i høve kroppsøving og elevtal for skulen.

	Tal elevar	Tal tilsette	Tal elevar med særskilte behov
Voss ungdomsskule	540 elevar / 6 parallell / 18 klassar	85	15 elevar 12 tilsette

Areal- og kapasitetsvurderingane tek utgangspunkt i ein dimensjonering av Voss ungdomsskule med eit elevtal på 540 elevar, 6 klassar pr. trinn – samla 18 klassar ved skulen.


Areal til elevar med særskilte behov er tufta på eit elevtal med 15 elevar og 12 tilsette.

I skuleåret 2018/19 gjekk det om lag 490 elevar ved skulen. Skulen har historisk hatt 19 klassar og ei utbygging må ta høgde for at skulen får delingsproblematikk – både som følgje av elevtalsvekst og ujamne årskull på trinna. For skular som vert drivne heilt opp og over sin normalkapasitet, er det ofte naudsynt med delingsrom / fleire klasserom som kan ta «elevtalstoppar» på trinn som gjev auka klasseskippnad.

Voss kommune må reknast som ein attraktiv kommune i Hordaland – og eventuelt nye veg- og togtrasear i framtida, kan fort gje eit godt utgangspunkt for folketalsvekst og auke i elevtalsgrunnet i Voss ungdomsskule sitt inntaksområde.

2.2 Elevtalsframskriving SSB (Hovudalternativet – MMMM)

Framskrivinga frå SSB tilseier fleire elevar på ungdomssteget i Voss kommune generelt og i Voss ungdomsskule sitt inntaksområde spesielt. Ein skulekapasitet som tilseier ein U540 skule vil vere eit godt utgangspunkt for framtidig dimensjonering av skulekapasiteten ved Voss ungdomsskule.



Figur 1: SSB framskriving av ungdomssteget i heile Voss kommune 2019-2030

3 Vurdering av behov for idretts- og kroppsøvingsareal

3.1 Fag og timefordeling i kroppsøvfingsfaget

Med bakgrunn i notat utarbeidd av pedagogisk personale ved Voss ungdomsskule er det skissert eit behov for kroppsøvfingsfaget på min. 70 timar pr. veke slik:

- 36 timar frå fag- og timefordelinga – 18 klassar / 6 p.
- 6 timar til spesialpedagogiske grupper
- 2 timar til innføringsklasse
- 2 timar til alternativ opplæring
- 24 timar til valfag fordelt på heile 12 grupper

Med utgangspunkt i 60 min. timar vert det lovpålagde timekravet til kroppsøvfingsfaget som synt i tabellen under slik:

60-minutts timer		Kroppsøving	
Ungdomsskole		Kapasitet 30 elevar	
Skulestorleik	Elevtall	Veketimar	Behov
4 parallell	360	24,0	24 timer
5 parallell	450	30,0	30 timer
6 parallell	540	36,0	36 timer

Med 60 min. timar vil ein 6 parallell ungdomsskule ha behov for å gjennomføra 36 timar pr. veke i eigna areal. I tillegg kjem andre behov, særleg knytt til valfag i kroppsøving. Voss ungdomsskule gjev tilbod til heile 12 slike grupper i dag.

3.1.1 Funksjonsvurdering av Voss idrettshall og gymsalen

Voss idrettshall kan ikkje delast i tre like salar. Dei to skiljeveggane som er monterte i hallen i dag, inneberer at hallen berre kan delast i to like store salar, samt at den eine salen igjen kan delast i to mindre. Norconsult stør vurderingane i notatet frå Voss kommune, som peikar på at idrettshallen i realiteten berre kan delast i to salar.

Skiljeveggane er samstundes lite lyd- og støyaabsorberande – noko som gjev det utfordrande å organisere både to og tre ulike gruppeaktivitetar i hallen.

Voss idrettshall burde vore inndelt i tre like store salar, med betre lyd- og støyskjerming i kvar sal (doble skiljevoggar innfelt i vegg med sakseløysing over tribune) Dette ville auka funksjonaliteten av idrettshallen til skulebruk generelt og til kroppsøvfingsfaget spesielt.

Med tre like store salar, vil ungdomsskulen kunne disponere min. 3 x 4,5 timar (60 min. timar) pr. dag eller 67,5 timar til kroppsøving pr veke. I tillegg er det forventa at noko fleire elevar ved skulen og fleire elevar i tilrettelagde areal vil auka behovet for kroppsøvingstimar, og sjølv ei maksimal (100 %) utnytting av idrettshallen med tre salar - vil ikkje støtte gymsalsbehovet til Voss ungdomsskule åleine - når symjeopplæringa vert vidareført på dagens nivå.

Når Voss ungdomsskule har 12 grupper på valfag i kroppsøving eller 66 prosent av elevane i skuleåret 2018/19, seier dette at kroppsøving, idrett og fysisk helse står sterkt i Vossabygda. Det er lite som tilseier at dette faget vert mindre populært med åra.

I tabellen under er det synt eit døme på korleis talet timar pr. veke for den lovpålagde kroppsøvingsundervisninga på ungdomssteget kan organiserast ved skulen.

60-minutts timer					
Ungdomskole Fag	Sum timer/år	8. trinn	9. trinn	10. trinn	Sum timer/uke
Kroppsøving	223	2,00	2,00	2,00	6,0
Tilvalgsfag	171	1,50	1,50	1,50	4,5

Med dette nivået er det tilstrekkeleg med 2 salar, men 12 grupper i valfag fysisk aktivitet og helse, samt andre opplæringsføremål gjer det naudsynt med auka kroppsøvingskapasitet, sjølv om Voss idrettshall kan delast inn i tre salar.

3.2 Tilrettelagde areal for elevar med særskilte behov

Voss ungdomsskule har trong for betre og meir tilrettelagde areal for elevar med særskilte behov. Mange elevar har behov for ekstra tilrettelegging individuelt, i mindre grupper og tidvis skjerming frå resten av klassen. Nokre elevar nyttar ulike hjelpemidlar og har trong for utstyr som er skreddarsydd for deira vanskar og utfordringar.

Meir tilpassa læringsareal til denne gruppa elevar, vil gje betre fysiske rammer for variasjon i metodebruk og meir differensiert opplæring til elevane.

Denne elevgruppa er sjølvstøtt ikkje ei homogen gruppe – og vil vere kjenneteikna av dei behova og utfordringane som kvar einskild elev har. Åtferdsvanskar, diagnosar, utviklingsforstyringar og andre funksjonshemmingar vil truleg kjenneteikna elevane som har trong for betre tilrettelagde areal.

Det er frå fagleg ståstad ynskjeleg å dimensjonere støtteareal til elevar med særskilte behov – tilpassa 15 elevar. Samansetninga av elevane og graden av vanskar, vil påverke kor mange elevar som kan nytta meir tilpassa læringsareal. Areal- og rombehovet tek utgangspunkt i notatet som ligg ved konkurransegrunnlaget kor det er skissert eit slikt minimumsbehov:

- 8 grupperom (15 m² NTA)
- 1 eller 2 fellesrom (40 m² NTA)
- 1 sanserom
- 1 kjøkkenkrok
- 2 HWC toalett med stellerom

Areal til lager, garderobar, lærararbeidsplassar, kontor, aktivitetsrom, mv er ikkje omtala i notatet, men er vurdert som funksjonar i framlegg til rom- og funksjonsprogram i denne rapporten.

3.2.1 **Tilrettelagde undervisningsareal – dimensjonert for 15 elevar inkl. personalareal**

Undervisningsareala må utformast slik at flest mogleg elevar kan ta del i den ordinære opplæringa, men samstundes må funksjonane ha fysiske føresetnader til å betene elevar med omfattande hjelpebehov.

Brorparten av elevane vert skyssa med bil til skule – og areala må lokaliserast slik at det er tenlege forhold for elevar i høve av- og påstigning til bil/minibuss.

Talet på elevar som vil nytte seg av støtteareala vil kunne variere i storleik over tid. Difor skal areala også kunne nyttast til andre opplæringsføremål som til dømes møterom, leserom, grupperom, fordjupningsaktivitetar, mv.

Generelle krav til rom og areal for elevar med særskilte behov:

- Lydisolering
- Helst gulvvarme
- Skinner i tak (treng ikkje vere i alle rom) og høve for å montere takheis
- Høve for blanding av lys
- Høve for lading av rullestolar
- Breie og terskelfrie døropningar (og korridorar)
- Automatisk døropnarar
- Universell tilpassing av fastmontert utstyr også møblar

3.2.1.1 Fellesrom / aktivitetsrom med kjøken

Eit rom skal kunne nyttast som eit større opphalds- og fellesrom utstyrt med eige kjøken ma. for ADL-trening. Rommet bør vere tilrettelagd for travers/takmontert løfter. Om ynskjeleg, kan rommet inndelast i to rom, men det eine rommet bør vere noko større og ha ein felles kjøkenfunksjon. Elevar med til dømes autisme har ofte vanskar med sosialt tilhøyr over lengre periodar – og har trong for eigenaktivitetar borte frå klassen. Då kan kvardagslivstrening i eit støtteareal med kjøken vere eit godt opplæringstilbod.

3.2.1.2 Stellerom / bad

Elevar med særskilt pleiebehov har trong for stellerom med HCWC / dusj. Rommet skal innreiast med stellebenk og skap / lager til forbruksmateriell. Travers / takmontert løfter må integrerast i tak.

3.2.1.3 Sanserom

Eitt rom skal kunne nyttast som sanserom / kvilerom.

3.2.1.4 Gruppe- og møterom

Det skal etablerast sju grupperom (i tillegg til kvilerom/sanserom over) som er ordinære rom til 1-3 elevar. Romma skal vere utstyrt for digital formidling og bruk av interaktive tavler ol.

3.2.1.5 Elevgarderobar

Garderobane må liggje i tilknytning til inngangsparti – nært av- og påstigningsfunksjonen. Også her bør det vere travers og takmontert personløfter. Garderobane må vere av slik storleik at fleire rullestolbrukarar kan nytte arealet samstundes.

3.2.1.6 Personalgarderobe

Personalet skal ha tilgang til eigen garderobe med skap, dusj og toalett.

3.2.1.7 Lager rullestolar og tekniske hjelpemidlar

Avdelinga vil ha mange brukarar med behov for mykje hjelpemidlar. Det bør difor avsettast godt med lagerareal til avdelinga. Vogner, sykklar, rullestolar med og utan lading, Permobilar, mv. Lageret bør ha eigen sone for lading og straumuttak må dimensjonerast for dette. Nærleik til elevane sin garderobe er føremålstenleg.

3.2.1.8 Lærararbeidsplassar inkl. felles kontorplass til fagarbeidarar

Det er i dette romprogrammet valt å synleggjere areal til pedagogar / spesialpedagogiske tenester i samband med auka tilrettelagde areal. Det er ikkje vurdert det

Lærararbeidsplassar og kontor vert lokalisert til den ordinære skulen, men lærargarderobar og pauserom er lagt inn i programmet.

3.3 **Undervisningsareal og fellesareal ved Voss ungdomsskule**

Voss ungdomsskule har for lita kapasitet i dei generelle læringsareala som klasserom, grupperom og elevgarderobar. 2 nye klasserom inneberer at det også må byggast elevgarderobar, grupperom og toalett for denne kapasiteten.

Samstundes har skulen ikkje tilgang til felles samlingsrom i sjølve skuleanlegget. Nye ungdomsskular som vert bygt for 540 elevar, har ofte denne funksjonen integrert i samband med inngangsparti, kantine, mv. I notatet frå pedagogisk personale, er det ynskjeleg at ny idrettsfløy også betener funksjonen som felles samlingsrom for heile eller for trinn på Voss ungdomsskule.

4 Areal- og romprogram

4.1 Døme på ein arealnrm for ein skule av tilsvarande storleik U540

Framlegg til arealnrm Voss ungdomsskule			UNGDOMSSKOLE	
SKOLETYPE			6 parallell	
			U540	Pr.elev
GENERELT LÆRINGSAREAL:				
		Merknad		
GENERELLE LÆRINGSAREAL			2160	4,00
ELEVgarderobber/TOALETT			324	0,60
SFO-BASE				
SUM GENERELT LÆRINGSAREAL:			2484	4,60
SPESIELT LÆRINGSAREAL:				
SKOLEKJØKKEN			160	0,30
BIBLIOTEK*			150	0,28
NATURFAG			105	0,19
MUSIKK			130	0,24
KUNST OG HÅNDVERK			280	0,52
SUM SPESIELT LÆRINGSAREAL			825	1,53
PERSONAL- OG ADMINISTRASJON				
ADMINISTRASJON (INKL SFO-LEDER)		maks 100	64	0,12
ARBEIDSPlassER LÆRERE OG FAGARBEIDERE INKL. KOPI/LAGER			325	0,60
MØTEROM			65	0,12
PERSONALROM			86	0,16
PERSONALgarderobber/TOALETT			64,5	0,12
SUM PERSONAL- OG ADMINISTRASJONSAREAL			604,5	1,12
ANDRE FUNKSJONER:				
KANTINE*			180	0,33
ELEVtjenester (PPT,SKOLEHELSETJENESTE, RÅDGIVERE, MILJØARBEIDERE)			65	0,12
DRIFT OG LAGER*		maks 125	125	0,23
SUM ANDRE FUNKSJONER			370	0,69
SUM NETTOAREAL ekskl idrettsareal			4284	7,93
SUM BRUTTOAREAL ekskl idrettsareal (NETTO* B/N faktor)			5997	11,11
	1,40			

I tabellen over er det synt eit døme for eit arealprogram for ein ungdomsskule – dimensjonert for 540 elevar. Programmet over er ekskl. gym- og idrettsareal, særskilt tilrettelagd undervisningsareal og ekstra generelt elevareal.

Det er ikkje gjort areal- og funksjonsanalyse av skulen sine andre areal i eksisterande skule.

4.2 Felles samlingsrom i kombinasjon med ny gymsals- og idrettsfløy (tilbygg)

Voss ungdomsskule manglar felles samlingsrom for heile skulen og for heile trinn på skulen. Nye skuleanlegg vert realisert med slike fellesfunksjonar og er gjerne kopla til inngangsparti/vestibyle, kantine, musikk, mat og helse, mv for å gjere samlingsarealet attraktivt og skulen sitt naturlege knute- og samlingspunkt.

Det er valt å syne ein variant av Basketballhall som utgangspunkt for kombinasjonsrommet felles samlingsrom / gym- og idrettsareal som erstatning for eksisterande gymsal ved Voss ungdomsskule.

Basketballhallen er stønadsretta i høve spelemidlar (Kr. 5,0 mill.). Det er ikkje ein ordinær gymnastikkflate på 400 m². Speleflaten i ein Basketballhall er på 770 m² (35m x 22m) eller 370 m² meir enn gymsalsflata. Basketballhall utløyser kr. 5.0 mill. i spelemidlar og aukar hallkapasiteten for idrettslaga i kommunen.

Det er lagt inn areal til tribune i Basketballhallen. Det er tenkt at tribuna kan utformast ilag med felles samlingsrom og utgjere ein del av eit amfi til skulen på dagtid og som tribune for kultur- og idrettsfunksjonane på kvelds- og helgetid.

Det kan vere naudsynt med akustiske tiltak og krav for felles samlingsrom / Basketballhall, men vil vere avhengig av korleis dette vert løyst seinare i skissefasen.

Det er nytta ein brutto/nettofaktor på 1,3 for idrettshallane.

4.2.1 Felles samlingsrom / Basketballhall

FELLES SAMLINGSROM / BASKETBALLHALL		
Spilleflate inkl. tryggleikssone 35x22	1	770
Apparatlager inkl. lagerfunksjon som samlingsrom	4	130
Garderober med dusj og toalett	4	160
Treningsrom/styrkerom	1	80
Lærer-/dommergarderobe med dusj og toalett	2	30
Sosiale rom (sambruk med skUle - fellesareal)	1	100
Tribune	1	200
Reinhaldsentral inkl. lager	1	25
SUM NETTOAREAL IDRETTSHALL		1495
Brutto/nettofaktor idrettshall	1,3	
SUM BRUTTOAREAL IDRETTSAREAL		1944

Samla bruttoareal er 1 944 m² BTA. Det er lagt inn ekstra lager som støttefunksjon for å vere felles samlingsareal for heile ungdomsskulen (td. stollager, mv.). Det er og lagt inn areal til treningsrom/styrkerom til elevar med særskilte behov og som har vegring for kroppsøving.

Det sosiale rommet bør sjåast i samanheng med støtteareal / tilrettelagde areal for elevar med særskilte behov.

I dette framlegget til romprogram er sosialt rom lagt inn med 100 m².

4.3 Generelt læringsareal – to klasserom med støttefunksjonar (tilbygg)

I tråd med behov skissert av Voss kommune er det utarbeidd framlegg til eit areal- og romprogram med eit samla bruttoareal på 305 m² BTA for to klasserom, to grupperom med elevgarderobar og toalett.

GENERELT LÆRINGSAREAL		
Klasserom - 60 elevar - 2 klassar	2	150
Grupperom	2	20
Elevgarderobar / toalett	2	40
SUM GENERELT LÆRINGSAREAL:		210
Brutto / nettofaktor Generelt læringsareal	1,45	
SUM BRUTTOAREAL LÆRINGSAREAL		305

Det er i dette framlegget til arealbehov synt ein brutto/nettofaktor på 1,45.

4.4 Tilrettelagde undervisningsareal for elever med særskilte behov

TILRETTELAGDE UNDERVISNINGSAREAL / SÆRSKILTE BEHOV		
Elevenes læringsareal		306
Samlingsrom - Eitt av romma med kjøkken	2	90
Grovverkstad	1	30
Grupperom stort	3	60
Gruppeom små	6	90
Sanserom	2	36
Støttefunksjonar		96
Garderobar	2	25
Stellerom med HC-toalett	1	15
HC-Toalett	1	6
Lager for plasskrevjande utstyr til elevar	2	40
Nærlager for læringsmateriell	3	10
Personalfunksjonar		132
Avdelingsleiar	1	15
Kontorarbeidsplassar	9	54
Flexi-rom til fagarbeidarar / assistentar	1	18
Personalgarderobar med dusj og toalett	1	15
Møte- og pauserom	1	30
SUM NETTOAREAL SPESIALPEDAGOGISK AVDELING		534
Brutto/nettofaktor forsterket avdeling	1,45	
SUM BRUTTOAREAL TILRETTELAGDE UNDERVISNINGSAREAL		774

Det er utarbeidd framlegg til tilrettelagde undervisningsareal / støtteareal til elevar med særskilte behov. Arealane kan ta høgde for fleire enn 15 elevar og 12 tilsette samstundes, dette vil vere avhengig av funksjonsnivået til elevane.

Det er teke høgde for areal til kontor (avdelingsleiar) og lærararbeidsplassar. Dersom dette kan løysast innfor eksisterande skuleareal, kan dette gå ut av programmet.

Det er lagt til grunn ein brutto/nettofaktor på 1,45.

4.5 Samla areal- og romprogram

FELLES SAMLINGSROM / BASKETBALLHALL		
Spilleflate inkl. tryggleikssone 35x22	1	770
Apparatlager inkl. lagerfunksjon som samlingsrom	4	130
Garderober med dusj og toalett	4	160
Treningsrom/styrkerom	1	80
Lærer-/dommegerarderobe med dusj og toalett	2	30
Sosiale rom (sambruk med skUle - fellesareal)	1	100
Tribune	1	200
Reinholdsentral inkl. lager	1	25
SUM NETTOAREAL IDRETTSHALL		1495
Brutto/nettofaktor idrettshall	1,3	
SUM BRUTTOAREAL IDRETTSAREAL		1944

TILRETTELAGDE UNDERVISNINGSAREAL / SÆRSKILTE BEHOV		
Elevenes læringsareal		306
Samlingsrom - Eitt av romma med kjøkken	2	90
Grovverkstad	1	30
Grupperom stort	3	60
Gruppeom små	6	90
Sanserom	2	36
Støttefunksjonar		96
Garderobar	2	25
Stellerom med HC-toalett	1	15
HC-Toalett	1	6
Lager for plasskrevjande utstyr til elevar	2	40
Nærlager for læringsmateriell	3	10
Personalfunksjonar		132
Avdelingsleiar	1	15
Kontorarbeidsplassar	9	54
Flexi-rom til fagarbeidarar / assistentar	1	18
Personalgarderobar med dusj og toalett	1	15
Møte- og pauserom	1	30
SUM NETTOAREAL SPESIALPEDAGOGISK AVDELING		534
Brutto/nettofaktor forsterket avdeling	1,45	
SUM BRUTTOAREAL TILRETTELAGDE UNDERVISNINGSAREAL		774

GENERELT LÆRINGSAREAL		
Klasserom - 60 elevar - 2 klassar	2	150
Grupperom	2	20
Elevgarderobar / toalett	2	40
SUM GENERELT LÆRINGSAREAL:		210
Brutto / nettofaktor Generelt læringsareal	1,45	
SUM BRUTTOAREAL LÆRINGSAREAL		305

SUM NETTOAREAL		2 239
SUM BRUTTOAREAL SAMLA		3 022

Samla bruttoareal med basketballhall som utgangspunkt for felles samlingsareal og som erstatning for eksisterande gymsal, meir areal til tilrettelagd undervisning og noko auka generelt læringsareal ved Voss ungdomsskule, gjev eit samla arealbehov på **3 022 m² BTA**.

5 Investeringsbehov

5.1 Økonomiske føresetnader

Dei økonomiske kalkylane for bygningsmessige tiltak (nybygg/tilbygg og riving/sanering) tek utgangspunkt i slike føresetnader inkl. mva.

Behov	Kostnad
Rive- og saneringskostnad	Kr. 1 800 pr. m ²
Nybygg/tilbygg idrettshall	Kr. 32 000 pr. m ²
Nybygg/tilbygg Tilrettelagde- og generelle læringsareal	Kr. 38 000 pr. m ²

*tufta på Norconsults erfaringstal (avd. skole og barnehage)

5.1.1 Rive- og saneringskostnader

Rive- og saneringskostandar er sett til kr. 1 800 pr. m² for eksisterande gymsalsfløy ved Voss ungdomsskule.

5.1.2 Nybyggareal og tilbyggsareal (inkl. mva.)

Det er valt å nytte prosjektkostnad på kr. 38 000,- / m² bruttoareal for tilrettelagt- og generelt skuleareal og kr. 32 000,- / m² for idrettsarealet.

5.2 Investeringskostnad inkl. mva

Utbygging - Voss ungdomsskule	Dimensjonere nde elevtall	Type tiltak (m2)			Anslått investeringskostnad (NOK)			Investeringskostnad
		Riving/sanering	Nybygg tilrettlagde areal + skule	Nybygg felles samlingsrom	Riving/sanering	Nybygg tilrettlagde areal + skule	Nybygg felles samlingsrom	
Voss ungdomsskule - tilbygg	540	1 500	1 079	1 944	2,7 mill	41,0 mill	62,2 mill	105,9 mill
Sum	540	1 500	1 079	1 944	2,7 mill	41,0 mill	62,2 mill	105,9 mill

Brutto investeringskostnad for ei samla utbygging av nytt felles samlingsrom / idrettsfløy, tilrettelagde areal for elever med særskilte behov og to nye klasserom med grupperom og garderobar ved Voss ungdomsskule, vert estimert til **kr. 106 mill.**

Basketballhall er stønadsretta til kr. 5,0 mill. i spelemidlar – slik at samla investeringskostnad inkl. mva vert om lag **kr. 101 mill.**

I tillegg kjem kostnader til inventar og utstyr, eventuelle tomtekostnader for tomteareal utover dagens tomtestorleik.

Eventuelle tilskott til sosialt rom / treningsrom kjem i tillegg.

Samstundes bør Voss kommune vurdere om det er føremålstenleg å setje inn to nye doble skiljeveggar i Voss idrettshall, slik at hallen får ei betre funksjonell inndeling til tre salar. Denne kostnaden kjem i tillegg til investeringskostnaden over. Dersom den tredje salen utløyser krav om rømningsveg / eigne inngangar vil kostnaden auke.

6 Oppsummering med tilråding

Under føresetnad av at ungdomsskulen vidarefører same brukstid i Vossabadet, vil Voss idrettshall og eksisterande gymsal ikkje støtte timebehovet til kroppsøvningsfaget og tilvalsfaget fysisk aktivitet og helse for Voss ungdomsskule. Dagens gymsal er vurdert som rive- og saneringsverdig.

Voss idrettshall ligg i noko avstand frå skulen, og dette gjev samstundes tillegg utfordringar i høve tids- og ressursbruk, tilsyn og uønskt elevåtfærd.

Voss ungdomsskule får på sikt eit elevtal rundt 600 elevar. Norconsult vurderer at det er sentralt at ein ungdomsskule av denne storleiken har tilgang til eit integrert og funksjonelt samlingsrom/skuleorg, kor ein kan samla heile eller deler av skulen (eit årssteg) til fellessamlingar og tilskipingar. Voss ungdomsskule manglar i dag ein funksjon som utgjer eit skuleorg / skulesentrum med eit tydeleg inngangsparti/vestibyle.

Avdeling for skuleplanlegging og skuleutvikling i Norconsult, tilrår Voss kommune å byggje ny «gymsal» (Basketballhall) som får funksjonalitet som eit felles samlingsrom og idrettshall for skulen og kommunen. I denne programmeringa er det valt ein idrettshallstorleik med mål som Basketballhall.

Romprogrammet gjev gode rammer for eit framtidig moglegheitsstudie til å utvikle samanhengande funksjonar i Voss ungdomsskule - med eit tydeleg inngangsparti / vestibyle, nytt felles samlingsrom, skuleorg med scene / amfiløysing, tilrettelagde areal og ei rad med støttefunksjonar rundt desse.